

Kan AristoCats verta årets festivalband?

18.06.2013

Sist helg var det populære dansebandet AristoCats i Uskedalen og gledde publikum med dansemusikken sin både på Aktivitetsdagen i båthamna, og på Dønhauglåven. Under aktivitetsdagen stilte dei opp gratis og i tillegg fekk arrangørane låne PA-anlegget deira. Bandet er og populære på større dansebandarenaer!

I samband med Dansebandfestivalen i Seljord er det no i gang ei kåring av årets festivalband. Der har AristoCats verkeleg vind i segla. Sist veke fekk dei klart flest stemmer, og det er no oppe på 2.plass.

Dersom det er nokon som ønskjer å stemme på dei, kan dei ta fram mobilen, skrive sms-meldinga 'Seljord ari' og sende den til 1963.

Meir frå kåringa finn ein ved å klikke på denne lenkje: <http://www.dansnytt.no/2013/06/nyheter/aristo-cats-opp-med-rakettfart/>

Dansefestivalen i Seljord er i år 3.-7.juli. Kwart år er det mange her frå våre bygder på festivalen.

Av: Thor Inge Døssland